



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Dato: 02.09.2015
Vår ref.: 2014/10571-39
Saksbehandlar: marerik
Dykkar ref.:15/1576

Belønningsordninga - rapportering på ubrukte midlar i 2014

Viser til brev frå Samferdselsdepartementet datert 22. april 2015 om sluttrapportering for avtaleperioden 2011-2014. I 2014 fekk Bergen tildelt 20 mill. kr ekstra som følgje av auka tildeling av belønningsmidlar i revidert nasjonalbudsjett. Her følgjer rapportering på bruk av desse midlane.

Midlane er øymerka til å ruste opp haldeplassar på stamlinene, med sanntidsinformasjon og universell utforming. Per august 2015 er det rusta opp haldeplassar i Bergen kommune for 18 av dei tildelte 20 mill. kr. Kostnad per haldeplass er på omtrent 500 000 kr. Dei resterande 2 mill. kr. vert brukt innan utgangen av 2015.

Opprusting av haldeplassar vil venteleg bidra til å betre kollektivtransporten sin konkurransekraft gjennom redusert reisetid som følgje av meir effektiv inn- og utkøyring frå haldeplass.

Viss det er behov for ytterlegare informasjon ta kontakt med rådgjevar Marte Hagen Eriksrud;
marte.eriksrud@hfk.no

Vi ber om orsak for at det ikkje er rapportert innan fristen 1. juli 2015.

Thorbjørn Aarethun
seksjonsleiar

Marte Hagen Eriksrud
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.